



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Att. Carsten Stig Jensen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår dato: 14.12.2016
Deres dato: 26.10.2016

Vår referanse: 2008/291-554
Deres referanse: 201601604-3

Vår saksbehandler:
Håvard Hoftun, tlf. 32808730

Ustekveikja kraftverk - Hol kommune - høringsbrev - melding om utvidelse av kraftverk med forslag til konsekvensutredningsprogram

Me syner til høyring av melding om konsekvensutgreiingsprogram i brev av 26.10.2016.

Utvidinga av Ustekveikja kraftverk vil føre til ei heving av HRV i Tungevatn frå 1104 moh. til 1111 moh. og justering av LRV til 1107 i turistsesongen frå medio juli til primo september og LRV 1102 i den snødekte sesongen. Utvidinga føre til ei heving av HRV med til saman 7 meter.

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Skisserte tiltak vil potensielt komme i konflikt med automatisk freda kulturminne, og fylkeskommunen må gjennomføre arkeologiske registreringar før me kan uttala oss. Ei arkeologisk registrering må gjennomførast i god tid før høyring av konsesjonssøknad slik at kulturminnevernet kan gi ein fullgod uttale til denne.

I høve til Glitre Energi si førehandsmelding om utviding av Ustekveikja kraftverk, ser me at tema om kulturminner og kulturmiljø er skildra i kap. 9.6.

Det at kulturminnedatabasen Askeladden ikkje syner førekomstar av automatisk freda kulturminne stemmer med den informasjonen som fylkeskommunen og har. Me vil derfor minne om at det er viktig å bruke data basert på Askeladden – Riksantikvaren sin database for kulturminne med atterhald.

Riksantikvaren peikar sjølv på dette i innloggingssida til databasen:

*«REGISTRERING AV AUTOMATISK FREDETE KULTURMINNER
Ikke alle arkeologiske automatisk fredete kulturminner er registrert.*

I de aller fleste tilfeller vil mangel på kulturminner i et område være en indikasjon på at området ikke er tilstrekkelig registrert. Det betyr at selv om Askeladden viser at det ikke er registrert kulturminner, er det ingen garanti for at det ikke finnes kulturminner i det området.»

Tungevatn har aldri vore gjenstand for arkeologisk registrering så vidt fylkeskommunen er kjent med. I opphavleg konsesjon frå 24.10.1980 står det:

«Konsesjonæren skal videre i god tid på forhånd undersøke om faste fortidsminner som er fredet i medhold av lov av 29. juni 1951 nr. 3 eller andre kulturhistoriske lokaliteter blir berørt, og i tilfelle straks gi melding om dette til vedkommende museum. Viser det seg først mens arbeidet er i gang at det kan virke inn på fortidsminne som ikke har vært kjent, skal melding som nevnt i foregående ledd sendes med en gang og arbeidet stanses.»

Dette vilkåret kan ikkje me sjå er oppfylt då drifta starta i 1982. Me må uansett gjennomføre fullverdige arkeologiske registreringar sidan heile vatnet skal demmast opp til nivå, HRV 1111 moh.

Fylkeskommunen er (i samråd med Riksantikvaren) rette mynde til å vurdere i kva grad eventuelle kulturmiljø, kulturminne og heilskapen mellom desse kan bli utilbørleg skjemma av tiltak. Det er med grunnlag i dette vesentleg med god dokumentasjon av kva verknadar nye tiltak vil få i nærmiljøet.

Mange års arkeologisk registreringsarbeid i samband med kraftutbyggingar, har vist oss at tilfanget av kulturminne er stort i reguleringssona til kraftmagasin. Det er spesielt funn som kvarts, kvartsitt og flint frå buplasser og aktivitetsflater frå steinalder som er vanleg å finne, men jernvinner og rester etter seinare busetjing og setring er heller ikkje uvanleg å påvise.

Undersøkingsplikta i kulturminnelova – arkeologisk registrering

Buskerud fylkeskommune vil i medhald av kulturminnelova sin § 9 krevje full arkeologisk registrering i reguleringssona ved Tungevatn. Kostnadane i samband med registreringane skal berast av tiltakshavar, jamfør kulturminnelova sin § 10.

Me oppmodar søkar om å gå i dialog med oss angående dette så tidleg som mogleg i 2017 slik at denne registreringa kan planleggast kommande feltsesong – helst når vassmagasinet er på det lågaste. Buskerud fylkeskommune må utarbeide eit budsjett for arbeidet.

Ut frå dette er det vesentleg for oss å få tilsendt gode kart som skildrar alle tiltak som vil føre til inngrep i terrenget, mellombelse og permanente. Dette gjeld tiltak både ved inntaket, utløpet, i høve til tippar og massedeponi, damanlegg, opprusting av eksisterande vegar og etablering av nye. Eventuelle nye kraftlinjer og riggområder under anleggsperioden må og takast med.

Fylkeskommunen har per i dag ikkje grunnlagsmateriale i form at detaljerte kart og skildringar på tiltak til å vurdere alle aspekt som potensielt kan ha innverknad på kulturminne. Det er derfor viktig at dette blir tilstrekkelig utgreia og dokumentert i ei konsekvensutgreiing. Fylkeskommunen er opne for dialog rundt dette, og stiller gjerne på eit møte for å diskutere vidare framdrift.

Dersom tilhøvet til kulturminne ikkje blir handsama på ein tilfredstillande måte, kan dette føre til motsegner når konsesjonssøknaden er på høyring.

Sakshandsamar; arkeolog: Håvard Hoftun, havard.hoftun@bfk.no, tlf: 32 80 87 30

Nyare tids kulturminne

Utvidinga av Ustekveikja kraftverk med auka regulering av Tungevatnet vil komma i direkte konflikt med den kulturhistorisk viktige Rallarvegen. Rallarvegen blei bygd som ein anleggsvei i samband med bygging av Bergensbanen (1894-1909) og representerer ein viktig del av Noregs samferdselshistorie. Buskerud fylkeskommune arbeidar med ein regional plan for kulturminne. Ein del av dette arbeidet har gått ut på å velge ut viktige kulturmiljø som fortel om fylket sin historie. Rallarvegen med Haugastøl stasjon er eit av desse kulturmiljøa. Regional plan for kulturminne skal sikra godt vern og bærekraftig bruk av fylket sine kulturminne og kulturmiljø.

Me ber om at det vert utarbeida ei konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova som kartlegg konsekvensane av tiltaket for ovanfor nemnde kulturminne/-miljø. Avbøtande tiltak må vurderast.

Buskerud fylkeskommune vil uttala seg nærare når konsekvensutgreiinga ligg føre.

Sakshandsamar, nyare tids kulturminne; Thea Hellbardt.

Uttalelse frå Norsk Maritim Museum

Oversendt frå NMM 12.12.2016

Vår ref.: 2016366

Saksbehandler: Charlotte Melsom

Deres ref.: 201601604-3

Vedr. høring av melding med forslag til konsekvensutredningsprogram for Ustekveikja kraftverk, Hol kommune, Buskerud fylke.

Norsk Maritimt Museum (NMM) har mottatt overnevnte sak fra NVE i forbindelse med at Ustekveikja kraftverk DA søker om økt regulering av Tungevatn i Hol kommune, ved utvidelse av Ustekveikja kraftverk. NMM er kulturminnevernets landsdelsinstitusjon for forvaltning av kulturminner under vann i Sør-Norge.

Dagens regulering av Tungevatn ligger mellom kote 1104 (HRV) og 1102 (LRV). Den opprinnelige strandlinjen fra før reguleringen fant sted er, ifølge regulanten tilsvarende dagens HRV.

Utvidelsen av kraftverket innebærer en heving av høyeste regulerte vannstand i Tungevatn fra 1104 moh. til 1111 moh, noe som medfører at den nye reguleringssonen blir på totalt 8 meter. Ut fra konsekvensutredningsprogrammet forstår NMM det slik at vannstanden i Tungevatn vil holdes lav i den snødekte sesongen, og at vannstanden ikke vil justeres under 1107 om sommeren. I forbindelse med utvidelsen av kraftverket vil også områder rundt Tungevatn ble berørt av anleggsarbeid og fysiske inngrep.

Det er ikke tidligere gjennomført arkeologiske registreringer i eller nær reguleringssonen langs Tungevatn. NMM har de senere årene prioritert forvaltning og arkeologiske undersøkelser av kulturminner i vann og vassdrag på fjellet i Sør-Norge. Resultatene fra disse undersøkelsene tilsier at det langs vann som Tungevatn, eksisterer et høyt potensial for funn av hittil ukjente kulturminner fra flere tidsperioder. Det kan være snakk om automatisk fredete kulturminner som steinalderboplasser, jernaldertufter eller spor etter fangst og fiske. Funn av slike kulturminner i Tungevatn vil bl.a. kunne gi ny kulturhistorisk kunnskap om utnyttelsen av ressursene i fjellet.

På bakgrunn av dette anser NMM det som nødvendig å gjennomføre undervannsarkeologiske registreringer i Tungevatn, jfr. Lov om Kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 9. Det vil være aktuelt å gjennomføre undervannsarkeologiske registreringer i de delene av reguleringssonen som ikke kan registreres til fots av Buskerud fylkeskommune når området er snø- og isfri. Kostnadene i forbindelse med slike undervannsarkeologiske registreringer må iht. kml § 10 bæres av tiltakshaver. Vi anbefaler at dette skjer så tidlig som mulig i planprosessen.

Forholdet til Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021

Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021 ble godkjent av Klima- og miljødepartementet av 4. juli 2016. Den regionale planene gir føringer for revisjonen av konsesjonsvilkårene og skal følges opp i sektormyndighetenes saksbehandlingen.

Det forventes at NVE som sektormyndighet oppfyller bestemmelsen i vannforskriften § 12 om vurdering av ny aktivitet eller nye inngrep, både om den kommer til anvendelse og om vilkårene i § 12 er oppfylt jf. brev fra Klima- og miljødepartementet av 23. februar 2015.

Det forventes videre at NVE rapporterer til vannregionmyndigheten om miljømålene for vannforekomstene som er berørt av reguleringen forventes å nå miljømålene innen fristen slik de er gitt i Klima- og miljødepartementets godkjenning av planen av 4. juli 2016. Det forventes videre at NVE i sin rapportering til vannregionmyndigheten også rapporterer avvik fra vedtatte miljømål jf. vedtatt Handlingsprogram. Det forutsettes at NVE bidrar til at kunnskapsgrunnlaget om økologisk tilstand, påvirkninger, kost/nytte ved tiltakene og utpeking av vannforekomster som SMVF eller som naturlige vannforekomster oppdateres i Vann-Nett ifb. med konsesjonssaken.

Med vennlig hilsen

Turid Kolstadløkken
teamleder kulturminnevern

Håvard Hoftun
rådgjevar / arkeolog

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur

Kopi til:

HOL KOMMUNE	Ålmannvegen 8	3576	HOL
FYLKESMANNEN I BUSKERUD	POSTBOKS 1604	3007	DRAMMEN
Norsk Maritim Museum			
GLITRE ENERGI AS	Postboks 1602	3007	DRAMMEN